



SOGNDAL KOMMUNE

Me byggjer framtida

**STRATEGISK PLAN
FOR
UTVIKLING AV GRUNNSKULEN I SOGNDAL
2010 - 2013**



Vedteken av kommunestyret 10.12.09



VISJON FOR GRUNNSKULEN I SOGNDAL KOMMUNE

ME BYGGJER FRAMTIDA

I SOGNDAL KOMMUNE SATSAR ME PÅ SKULEN

ME HAR

ELEVAR SOM ER TRYGGE OG AKTIVE, OG SOM OPPLEVER MEISTRINGSGLEDE

LÆRARAR SOM ER FAGLEG KOMPETENTE, OG HAR EVNE OG ENGASJEMENT
TIL Å LEIE ELEVANE SI LÆRING

ASSISTENTAR, MILJØARBEIDARAR OG ANDRE TILSETTE SOM SKAPAR OG
LEGG TIL RETTE FOR TRIVSEL, LÆRING OG MEISTRING I SKULEKVARDAGEN

FORELDRE SOM STØTTAR AKTIVT OPP OM BARNNA SI LÆRING OG UTVIKLING

SKULELEIARAR SOM ER OPNE, TYDELEGE, SKAPER ENGASJEMENT OG
UTVIKLING

SKULEEIGAR SOM ENGASJERER SEG I KVALITET OG INNHOLD I SKULEN

EIT LOKALSAMFUNN SOM SER PÅ SKULEN SOM EIN VIKTIG
SAMFUNNSINSTITUSJON, OG SOM ER POSITIVT TIL SAMARBEID

BLI MED PÅ LAGET!



Føremål

Grunnskulen i Sogndal kommune skal gje barn og unge ei opplæring som stettar krava i lovverk og læreplan.

Grunnskulen i Sogndal skal ha ei skulefritidsordning før og etter skuletid for alle elevar på 1. – 4. årstrinn og for elevar med funksjonshemming på 1. – 7. årstrinn. Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesse hjå barna. Skulefritidsordninga skal gje barna omsorg og tilsyn. Barn med funksjonshemming skal gjevast gode utviklingsvilkår. Areala – både inne og ute – skal vere eigna for føremålet (opplæringslova §13-7).

Mål for opplæringa

Alle elevane skal gjevast like gode føresetnader for å utvikle evner og talent individuelt og i samarbeid med andre. Det skal takast omsyn til at elevane har ulike føresetnader og ulik progresjon, slik at alle kan oppleve gleda ved å meistre og å nå måla sine.

Elevane skal

- oppleve ein skuledag kjenneteikna av positiv samhandling og medverknad
- oppleve gode relasjonar til andre elevar og dei vaksne i skulen
- lære dugleikar i lesing, skriving og rekning
- kunne uttrykkje seg munnleg
- kunne bruke digitale verktøy
- utvikle haldningar og dugleikar som fremjar kreativitet og nyskaping
- utvikle gode kunnskapar om lokalsamfunnet og lokalt næringsliv
- få forståing for at dei sjølve kan skape arbeidsplassar og den verdien dette kan ha for lokalsamfunnet
- få eit grunnlag og rettleiing for val av yrke
- vere fysisk aktive kvar dag
- skal oppleve eit godt psykososialt og fysisk læringsmiljø i skuletida og i skulefritidsordninga.



Innhald

Føreord	5
Innleiing	6
Nasjonale mål og strategiar	
Læringsplakaten i læreplanen for Kunnskapsløftet	6
Prinsipp for opplæringa	7
Kvalitet i skulen	8
Sogn regionråd sitt skuleutviklingsprogram ”Sats på skulen – snu Sogn 2006-2011	
Skuleleiaropplæring	8
Kommunen som skuleeigar	8
Fagnettverk	9
Grunnskulen i Sogndal	
Status og utfordringar	9
Satsingsområde for grunnskulen i Sogndal kommune	11
Handlingsprogram	12
Prioriterte satsingsområde	
Lesing, skriving og å kunne uttrykkje seg munnleg	12
Rekning	13
Digital kompetanse	14
Tilpassa opplæring	15
Dei viktige overgangane i skulen	16
Styrking av skuleeigarrolla og samhandlinga mellom skuleeigar og skuleleiar ...	17
Andre sentrale utviklingsområde	
Samarbeid heim skule	18
Samspelet mellom skulen og lokalsamfunnet	20
Fysisk aktivitet og sunt kosthald	21
Kunst og kultur	22
Skulen som ein lærande organisasjon	23
Internasjonalt arbeid	24
Pedagogisk samarbeid mellom grunnskulen, vidaregåande skule og høgskulen ..	24
Elevane sitt skulemiljø	25
Sogndal kommune sitt kvalitetssystem	26
Gjennomføring og oppfølging av planen	
Framdrift	27
Rutinar for oppfølging av planen	27
Forsøks-, prosjekt- og utviklingsarbeid	27
Kompetansebehov	27
Økonomiske konsekvensar	28
Evaluering og revisjon av planen	28
Vedlegg og litteratur	29

Føreord

Strategisk plan for utvikling av grunnskulen i Sogndal vart første gong utarbeidd i 2005 for perioden 2006 – 2009.

Formannskapet vedtok i januar 2009 å opprette ein sakskomite som skulle revidere planen.

Revidert plan skal

- ta utgangspunkt i det ansvaret og det handlingsrommet kommunen har som skuleeigar
- vere ein overordna rammeplan for skulane sine egne utviklingsplanar
- vere eit styringsdokument for kommunen, og eit verktøy for skulane
- tene som informasjon for foreldre og andre om satsingsområde i skulane i kommunen
- konkretisere kommunen sitt arbeid med Sogn regionråd sitt delprosjekt ”Kommunen som skuleeigar”.

Planen skal òg ha med mål og strategiar for entreprenørskap og omfang og tiltak knytt til spesialundervisning.

Planen omhandlar ikkje skuleutbygging og organisering av PP tenesta, ei teneste kommunen kjøper frå fylkeskommunen. Desse to områda vert ivaretekne gjennom andre planprosessar.

Sakskomiteen har hatt fleire møte med rektorane, og har besøkt alle skulane i løpet av planprosessen. I tillegg har sakskomiteen fått innspel frå elevråd, ungdomsråd og foreldretutval til planarbeidet.

Strategisk skuleplan skal saman med kommunal strategi for innhald og oppgåver i barnehagen (2007 – 2010) syne heilskap og samheng i lærings- og utviklingsarbeidet for barnehage- og skulebarn i kommunen.

Planane føreset at tilsette og samarbeidsutvala i barnehagane set seg inn i planane for skule og skulefritidsordninga, og at tilsette og utvala ved skulane set seg inn i barnehageplanen.

I 2010 vil det vere aktuelt å revidere barnehageplanen, og utarbeide plan for skulefritidsordninga. Planar for kompetanseutvikling for tilsette i barnehage, skule og skulefritidsordninga vil òg verte utarbeidd. Gjennom deltaking i Sogn regionråd sitt skuleutviklingsprogram ”Sats på skulen – Snu Sogn” har kommunen gjennomført leiaropplæring for alle skuleleiarane (rektor og inspektørar). Regionrådet vurderer no å utvide dette til òg å gjelde for barnehagestyrarane.

Framlegg til plan har vore på høyring i perioden 02.11.09 – 18.11.09. Planen har vore sendt til skulane, ungdomsrådet, FAU v/leiar og nestleiar, foreldrerepresentantane i skulane sine samarbeidsutval, utdanningsforbundet og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Det vart gjennomført høyringsmøte den 18.11.09.

Sakskomiteen har vurdert alle innkomne merknader og innarbeidd relevante innspel i planen.

Innleiing

Dette er Sogndal kommune sin plan for kvalitetsutvikling i skulen.

Det skjer mykje god læring ved skulane våre. Skulane har kome langt i arbeidet med satsingsområda i planen. Likevel kan vi alltid verte betre og gå nokre skritt vidare i eiga utvikling.

Grunnlagsdokumenta for opplæringa er læreplanen, opplæringslova, nasjonale og regionale satsingsområde og kommunale føringar. Strategisk skuleplan syner dei kommunale føringane for perioden 2010 – 2013.

Planen skal vere

- eit grunnlagsdokument med fastsette satsingsområde for utarbeiding av skulane sine eigne handlingsplanar og resultatmål i økonomiplanen
- eit grunnlagsdokument for å søkje om statlege kvalitetsutviklingsmidlar.

Det er utarbeidd ein kortversjon av planen. Denne er tenkt brukt som informasjon til foreldre og andre interesserte om satsingsområda ved grunnskulane i kommunen.

Nasjonale mål og strategiar

Samfunnet har gjeve grunnopplæringa eit omfattande mandat. Dette vert konkretisert i føremålsparagrafen for grunnopplæringa, dei andre delane av opplæringslova og forskriftene medrekna læreplanen sin generelle del, prinsipp for opplæringa og læreplanane i faga.

Læringsplakaten i læreplanen for Kunnskapsløftet

Læringsplakaten inneheld viktige prinsipp for opplæringa og må sjåast i samanheng med reglane i lov og forskrift, læreplanen sin generelle del og læreplanar for alle fag.

Læringsplakaten inneheld 11 grunnleggjande forpliktingar som skal gjelde for alle skulane i kommunen, og som skal liggje til grunn for skulen sin pedagogiske plattform.

Skulen skal

1. gje alle elevane like gode føresetnader for å utvikle evner og talent individuelt og i samarbeid med andre
2. stimulere elevane si lærelyst og evne til å vere uthaldande og nyfikne
3. stimulere elevane til å utvikle eigne læringsstrategiar og evne til kritisk tenking
4. stimulere elevane i deira personlege utvikling, i å utvikle sosial kompetanse og evne til demokratiforståing og demokratisk tenking
5. leggje til rette for at elevane kan gjere medvitne val av utdanning og framtidig arbeid
6. fremje tilpassa opplæring og varierte arbeidsmåtar
7. stimulere, bruke og vidareutvikle kompetansen til den einskilde lærar
8. medverke til at lærarane står fram som tydelege leiarar og førebilete for barn og unge
9. sikre at det fysiske- og psykososiale arbeids- og læringsmiljøet fremjar helse, trivsel og læring
10. leggje til rette for samarbeid med heimen og sikre at foreldre/føresette får medansvar i skulen
11. leggje til rette for å trekkje inn lokalsamfunnet i opplæringa på ein meningsfylt måte.

Prinsipp for opplæringa

Prinsipp for opplæringa samanfattar og utdjuvar føresegnene i opplæringslova og forskrifta til lova medrekna læreplanverket for opplæringa, og må sjåast i lys av det samla regelverket.

Opplæringa skal byggje på desse prinsippa:

Sosial og kulturell kompetanse	Eit tydeleg verdigrunnlag og brei kulturforståing er grunnleggjande for eit inkluderande sosialt fellesskap og eit læringsfellesskap der mangfaldet vert sett høgt og respektert. I eit slikt læringsmiljø er det rom for samarbeid, dialog og meiningsbryting.
Motivasjon for læring og læringsstrategiar	Opplæringa skal oppmuntre elevane ved mellom anna å gjere klart kva læringsmåla er, og leggje til rette for varierte og målretta aktivitetar. Elevane skal få, men òg sjølv kunne velje oppgåver, som både utfordrar og gir høve til utforsking, åleine eller saman med andre. Vurdering og rettleiing skal vere med på å styrkje motivasjonen for vidare læring.
Elevmedverknad	Skulen skal førebu elevane på å delta i demokratiske avgjerdsprosessar og stimulere til samfunnsengasjement både nasjonalt og internasjonalt. I opplæringa skal elevane utvikle kunnskap om demokratiske prinsipp og institusjonar. Skulen skal leggje til rette for at elevane får erfaring med ulike former for deltaking og medverknad i demokratiske prosessar både i det daglege arbeidet og ved deltaking i representative organ.
Tilpassa opplæring og likeverdige føresetnader	I opplæringa skal det mangfaldet elevane har i bakgrunn, føresetnader, interesser og talent, møtast med eit mangfald av utfordringar. Uavhengig av kjønn, alder og sosial, geografisk, kulturell og språkleg bakgrunn skal alle elevar ha like gode høve til å utvikle seg gjennom arbeidet med faga i eit inkluderande læringsmiljø. Elevane har ulike utgangspunkt, nyttar ulike læringsstrategiar og har ulik progresjon i høve til nasjonalt fastsette kompetansemål.
Læraren – kompetanse og rolle	Som tydelege leiarar, skal lærarane skape forståing for føremåla med opplæringa og stå fram som dyktige og engasjerte formidlarar og rettleiarar. Dei skal arbeide for at elevane utviklar interesse og engasjement i arbeidet med faga. Dette krev klare forventningar til innsats og deltaking i læringsarbeidet.
Samarbeid med heimen	Samarbeidet mellom skule og heim er sentralt både for å skape gode læringsvilkår for kvar einskild elev og for eit godt læringsmiljø i gruppa og på skulen. Ein føresetnad for godt samarbeid er god kommunikasjon. Samarbeidet mellom skule og heim er eit gjensidig ansvar, men skulen skal ta initiativ og legge til rette for samarbeidet. Foreldre og føresette skal ha eit reelt høve til innverknad på egne barn sitt læringsarbeid fagleg og sosialt.
Samarbeid med lokalsamfunnet	Godt samspel mellom skulen og nærings- og arbeidsliv,

	kunst- og kulturliv og andre delar av lokalsamfunnet kan gjere opplæringa i faga meir konkret og røyndomsnær og gjennom det auke evna og lysta til å lære.
--	--

Kvalitet i skulen

Regjeringa sine mål for kvaliteten i grunnopplæringa går fram av St.meld. nr. 31 Kvalitet i skulen. Her vert det peika på at kvaliteten i grunnopplæringa er kjenneteikna av i kva grad dei ulike måla for grunnopplæringa i samfunnsmandatet faktisk vert verkeleggjort.

Nasjonale mål

- A. Alle elevar som går ut av grunnskulen, skal meistre grunnleggjande dugleikar som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og arbeidsliv.
- B. Alle elevar skal verte inkludert og oppleve meistring.

Innsatsområde

1. Tiltak for tidleg innsats
2. Kompetanseløft for lærarar og skuleleiarar
3. Tette hol i Kunnskapsløftet
4. Støtte til betre praksis
5. Tettare oppfølging av skuleeigar.

Sogn regionråd sitt skuleutviklingsprogram ”Sats på skulen – snu Sogn” 2006 - 2011

Sogn regionråd har vedteke eit skuleutviklingsprogram som har følgjande overordna mål:

Meir kompetanse for den einskilde elev, og eit bidrag til samfunnsutviklinga gjennom auka samarbeid om skuleutvikling i regionen.

Programmet har tre delområde:

1. Skuleleiaropplæring

Endringar i kommunal organisering og aukande krav til endring og styring av skulen inneber at skuleleiarane får ei nøkkelrolle. Det vert viktig å setje skuleleiarane i stand til å drive endringsleing i lærande organisasjonar, og det vert viktig at dei har blick for dei samfunnsmessige utfordringane som skulen kan bidra til at regionen møter.

Regionrådet har i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane etablert eit eige tilbod om skuleleiaropplæring for rektorar, pedagogar og skulefagleg ansvarlege.

2. Kommunen som skuleeigar

Det er formulert følgjande overordna mål for delprosjektet: *Den gode skuleeigaren i Sogn er oppteken av å auke læringsutbyttet for elevane gjennom å utvikle lærande organisasjonar på alle nivå. Den gode skuleeigaren har ei heilskapleg tilnærming til å ta vare på og vidareutvikle skulane ved å rette blikket **oppover** slik at lokale mål for skulen vert sett inn ei nasjonal skulepolitisk ramme, **utover** der eigne skular ved sett både i eit lokalt, regionalt og internasjonalt perspektiv, og **innover** mot resultat og kvalitet i verksemda til den einskilde skule.*

3. Fagnettverk

I dette delprosjektet ønsker regionrådet å oppretthalde og vidareutvikle eksisterande fagnettverk i regionen. Prosjektet har følgjande hovudmål:

Auke kvaliteten på opplæringa ved at faglege og didaktiske utfordringar får hovudfokus i kommunale og regionale nettverk. Gjennom kunnskapsdeling, erfaringsveksling og refleksjon skal deltakarane få forståing for kva som fungerer bra og kvifor, og kva som kan endrast og korleis. Nettverksarbeidet skal vere eit bidrag både til det generelle utviklingsarbeidet ved skulen og vidareutvikling og eventuell endring av praksis i klasserommet. Det er utarbeidd ein eigen strategi for arbeidet i dei faglege nettverka.

Status og utfordringar

Vi har her valt å sjå på i kva grad måla i eksisterande skuleplan er nådd og kor kommunen står i høve til nasjonale og regionale mål.

Eksisterande strategisk skuleplan

I 1. kvartal 2009 gjennomførte vi ei kartlegging av status for gjennomføring av Strategisk plan for utvikling av skulane i Sogndal 2006 – 2009. Skulane rapporterte tilbake på satsingsområda i planen:

- Tilpassa opplæring
- Entreprenørskap og lokalkunnskap
- Fysisk aktivitet og kosthald
- Lesing som grunnleggjande dugleik
- Skrivning som grunnleggjande dugleik
- Rekning som grunnleggjande dugleik
- IKT som grunnleggjande dugleik
- Internasjonalt arbeid (valfritt)

Det var 28 delspørsmål knytt til delmål under dei ulike satsingsområda. Med 5 skular gir det 140 svar som fordelar seg slik:

Gjennomført	Delvis gjennomført	Ikkje gjennomført
81	52	7

Ikkje gjennomførte tiltak er knytt til internasjonalt samarbeid (4), nok partnerskapsavtalar (2) og tilstrekkeleg ikt-kompetanse hjå lærarane (1).

Utifrå dette ser det ut til at den strategiske skuleplanen i stor grad har vore nytta som utgangspunkt for skulane sine eigne planar og undervisning, og at skulane har kome langt i å nå måla i planen. Men det vil framleis vere viktig å ha fokus på desse områda.

Storingsmelding nr. 31 – Kvalitet i skulen

Nasjonale mål	Resultat i Sogndal
Alle elevar som går ut av grunnskulen, skal meistre grunnleggjande dugleikar som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og arbeidsliv	Målingar dei siste åra syner at vi stort sett ligg over landsnittet både på dei nasjonale prøvane og når det gjeld eksamensresultat.

<p>Alle elevane skal inkludert og oppleve meistring</p>	<p>Trivsel og mobbing Målingane dei siste åra syner at vi ligg på eller over landsnittet.</p> <p>Alle meldingar om mobbing vert identifisert og følgt opp.</p>
---	--

I høve til dei 5 innsatsområda (s. 8) kan vi ha eit utviklingspotensiale når det gjeld

- tidleg innsats (gjeld òg barnehagen)
- overgangane mellom barnehage – barnetrinnet, barnetrinnet – ungdomstrinnet og ungdomstrinnet – vidaregåande skule
- betre samhandling mellom skuleeigar og skuleleiar – felles arena for skuleutvikling.

Sogn regionråd sitt skuleutviklingsprogram Sats på skulen – snu Sogn

Viktige mål i høve til delprosjektet *den gode skuleeigar* er å

- utarbeide ein kommunal strategisk skuleplan
- utarbeide ein felles visjon for skulane i kommunen
- etablere samarbeid med lokalsamfunnet
- samarbeide regionalt gjennom fagnettverka
- drive kompetanseheving og skuleleiaropplæring
- etablere eit overordna kvalitetssystem for skulen
- utvikle skulen til ein lærande organisasjon

Desse måla er heilt eller delvis nådd. Gjennom skuleleiaropplæringa har alle skulane hatt fokus på skulen som ein lærande organisasjon. Dette er eit område som kan utviklast vidare.



Satsingsområde for grunnskulen i Sogndal kommune

Planen har fokus på nokre sentrale område som skal prege alle grunnskulane i Sogndal kommune.

Skulen skal leggje til grunn for arbeidet at kvar elev utifrå individuelle føresetnader og progresjon skal lære dugleikar i **lesing, skriving, munnleg framføring, rekning** og i **bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi**. Grunnleggjande dugleikar er viktig for prestasjonar i alle fag og er vesentleg for å klare seg godt seinare i livet.

Foreldra må få kunnskap om at felles innsats er viktig for å utvikle dei grunnleggjande dugleikane. Samarbeid heim – skule på desse områda er viktige og bør syne att i skulen sine planar.

Skulane skal i perioden 2010-2013 ha følgjande satsingsområde:

- **Lesing, skriving og å kunne uttrykkje seg munnleg**
- **Rekning**
- **Digital kompetanse**
- **Tilpassa opplæring**
- **Overangane mellom**
 - **barnehagen og skulen**
 - **mellomtrinnet og ungdomsskulen**
 - **ungdomsskulen og vidaregåande skule**
- **Styrking av skuleeigarrolla og samhandlinga mellom skuleeigar og skuleleiar.**

Vidare legg vi til grunn at skulane framleis jobbar aktivt med og vidareutviklar det gode arbeidet som er gjort på områda under:

- Samarbeid mellom heim og skule
- Samspelet mellom skulen og lokalsamfunnet
- Fysisk aktivitet og sunt kosthald
- Kunst og kultur
- Skulen som ein lærande organisasjon
- Internasjonalt arbeid
- Pedagogisk samarbeid mellom grunnskulen, vidaregåande skule og høgskulen
- Elevane sitt skulemiljø.

I tillegg til satsingsområda kan kvar einskild skule utvikle sin skuleprofil gjennom eigne val, fordi sogndalskulen òg skal vere prega av mangfald og kreativitet. Alle skulane skal utarbeide lokale planar.

Handlingsprogram

Handlingsprogrammet byggjer på dei prioriterte satsingsområda, men har òg med andre utviklingsområde som skulane må ha eit tilhøve til. Satsingsområda skal vere med i skulane sine utviklingsplanar, og resultatmål skal innarbeidast i økonomiplanen.

Prioriterte satsingsområde

Lesing, skriving og å kunne uttrykkje seg munnleg

Bakgrunn

Læreplanverket for Kunnskapsløftet løftar fram det å kunne lese, og å kunne uttrykkje seg skriftleg og munnleg som tre av fem grunnleggjande dugleikar som skal integrerast i alle fag i opplæringa. Det å utvikle den einskilde eleven si lese- og skrivelyst, samt munnlege uttrykksform, og leggje grunnlag for gode lese- og skrivevanar, er eit sentralt område for opplæringa gjennom heile skuleløpet.

Mål

Alle elevane i grunnskulen skal gjennom det tiårige skuleløpet

- utvikle leseglede og lesedugleik ut frå eigne føresetnader og kunne tileigne seg anna kunnskap gjennom lesing
- få grunnleggjande dugleik i å kunne uttrykke seg skriftleg og munnleg. Dei skal utvikle denne dugleiken i alle fag og ved hjelp av relevant teknologi.

Mål for arbeidsprosessar

- Skulen vår har plan for lese- og skriveopplæring på alle trinn og stimulerer til leselyst.
- Skulen vår legg til rette for at lærarane har lese- og skrivekompetanse og didaktisk kompetanse i faga.
- Lærarane ved skulen vår planlegg systematisk, kartlegg, vurderer og følgjer opp lese- og skriveopplæringa for den enkelte elev.
- Lærarane ved skulen vår varierer opplæringa og legg til rette for at skrivedugleik og munnleg uttrykksform vert vektlagt i alle fag.
- Lærarane ved skulen vår gir elevane opplæring i kommunikasjon ved hjelp av relevant teknologi.
- Skulen vår samarbeidar aktivt med heimen for å gje elevane gode lesevanar og lesedugleik.
- Lærarane ved skulen vår nyttar biblioteket aktivt saman med elevane for å auke leselysta.

Resultatoppnåing vert vurdert gjennom

- Lesekartlegging på ulike årstrinn
- Nasjonale leseprøver
- Elevundersøking
- Eksamensresultat
- Skulen si årsmelding til kommunestyret
- Strategisk skuleplan 2010 – 2013, skulen si rapportering.

Rekning

Bakgrunn

Rekning er ein av dei fem grunnleggjande dugleikane i læreplanen for Kunnskapsløftet. Det å rekne og syne talforståing er naudsynt for å kunne løyse eit breitt spekter av oppgåver og utfordringar både i daglege og faglege situasjonar. Matematikkfaget i skulen skal medverke til å utvikle den matematiske kompetansen som samfunnet og den einskilde treng. Men reknedugleik og talforståing er grunnleggjande dugleik uavhengig av fag. Det vil seie at ansvaret for å nå målet ikkje ligg til matematikkfaget åleine.

Mål


Alle elevane i grunnskulen skal gjennom det tiårige skuleløpet ha fått grunnleggjande reknedugleik og talforståing ut i frå egne føresetnader. Elevane har utvikla denne dugleiken gjennom arbeid i alle fag.

Mål for arbeidsprosessar

- Skulen vår utviklar læringsmål i høve til reknedugleik og talforståing og strategiar for å nå desse måla.
- Skulen vår legg til rette for at lærarane har matematikk- og didaktisk kompetanse i faget.
- Lærarane ved skulen vår varierer opplæringa i reknedugleik og talforståing og legg til rette for å "kunne rekne i alle fag".

Resultatoppnåing vert vurdert gjennom

- Nasjonale prøver i rekning
- Nasjonal kartleggingsprøve i rekning
- Eksamensresultat
- Skulen si årsmelding til kommunestyret
- Strategisk skuleplan 2010 – 2013, skulen si rapportering.



Digital kompetanse

Bakgrunn

Læreplanen for Kunnskapsløftet legg opp til at digital kompetanse skal inn i alle fag i grunnskulen og er ein av dei grunnleggjande dugleikane.

Digital kompetanse handlar om eleven sin kompetanse til å utnytte digitale verktøy i samband med læring både i og utanfor skulen.

Mål

Elevane skal gjennom det tiårige skuleløpet og gjennom arbeid i alle fag utvikle grunnleggjande dugleikar i digital kompetanse, slik at dei vert i stand til å utnytte digitale verktøy i læringsarbeidet. Elevane skal òg få eit grunnlag i ikt slik at dei kan bruke dette i arbeidsliv og fritid.

Mål for arbeidsprosessar

- Lærarane ved skulen vår har naudsynt digital kompetanse.
- Lærarane ved skulen vår integrerer ikt i fag-/tema- og periodeplanar.
- Leiinga ved skulen vår er ein aktiv pådrivar for at ikt vert nytta av lærarar og elevar.
- Lærarane ved skulen vår nyttar skulen si heimeside aktivt i heim - skule samarbeidet, og legg til rette for at foreldra òg kan nytte seg av dette verktøyet.

Resultatoppnåing vert vurdert gjennom

- Elevundersøkinga
- GSI-data – pc-tettleik
- Skulen si årsmelding til kommunestyret
- Strategisk skuleplan 2010 – 2013, skulen si rapportering.



Tilpassa opplæring

Bakgrunn

Tilpassa opplæring er eit gjennomgåande prinsipp i heile grunnopplæringa. Kravet om at opplæringa skal vere tilpassa elevane sin evner og føresetnader går fram av opplæringslova §1-2.

Tilpassa opplæring er ikkje eit mål, men eit verkemiddel for læring. Alle elevar skal i arbeidet med faga møte realistiske utfordringar og krav dei kan strekkje seg mot, og som dei kan meistre på eiga hand eller saman med andre. Dette gjeld òg elevar med særlege vanskar eller talent på ulike område.

Retten til tilpassa opplæring kan ivaretakast innanfor opplæringa si ordinære ramme eller i form av spesialundervisning. Vilkåret for at ein elev har rett til spesialundervisning, er at han/ho ikkje har eller kan få tilfredsstillande utbyte av den ordinære opplæringa.

Alternative læringsarenaer kan vere ein del av tilrettelegging for tilpassa opplæring. Her vil t.d. utdanningsval, entreprenørskap og praktisk/estiske fag vere viktige element – i tillegg til samarbeid med eksterne aktørar.

Mål

Alle elevane i grunnskulen får tilrettelagt opplæring tilpassa evner og føresetnader. Elevane erfarer at læring og meistring krev arbeid, innsats og vilje.

Mål for arbeidsprosessar

- Leiinga ved skulen vår disponerer dei samla ressursane effektivt, organiserer opplæringa og tilrettelegg innhald og arbeidsmåtar for å gje den einskilde elev tilpassa opplæring.
- Skulen vår legg til rette for at lærarane har fagleg og didaktisk kompetanse på fagfeltet.
- I undervisninga vert det nytta ulike læringsstrategiar og læringsstilar.
- Elevane sjølv utviklar kunnskap og forståing for læring og veit kva for metodar og verktøy som fremjar eiga læring.
- Elevar som ikkje har tilfredsstillande læringsutvikling, vert fanga opp tidlegast mogleg.
- Skulen vår legg til rette for alternative læringsarenaer.
- Ungdomsskulen nyttar dei moglegheitene som ligg i faget utdanningsval og samarbeidar med vidaregåande skule om karriererettleing.
- Skulen vår tek naudsynt initiativ for at hjelpetiltak vert utgreidd, sett i verk og evaluert i samråd med føresette.

Resultatoppnåing vert vurdert gjennom

- Elevundersøking
- Nasjonale prøver
- Foreldregransking
- Grunnskulen sitt informasjonssystem (GSI) – Statistikk over omfang av spesialundervisning
- Skulen si årsmelding til kommunestyret
- Strategisk skuleplan 2010 – 2013, skulen si rapportering.

Dei viktige overgangane i skulen

Bakgrunn

Overgangsprosessar kan vere sårbare. Overgangar kan definerast som ein prosess av endringar som barna og familiane deira erfarer, når dei går frå eit system til eit anna. Desse overgangane fører til rolleendringar som inneber endringar i forventingar og krav til barna og føresette. Overgangane vedkjem òg miljøet rundt barna, foreldra/føresette, familie og vener, og det er sårbare periodar der samspelet mellom aktørane som er involverte, betyr ekstra mykje.

Rammeplanen for barnehagen seier at barnehagen i samarbeid med skulen, skal leggje til rette for barn sin overgang frå barnehage til første klasse. Ein plan for dette skal vere del av barnehagen sin årsplan. Dette er òg eit prioritert område i kommunen sin barnehageplan.

Samarbeidet mellom kommunane i fylket og fylkeskommunen om karriererettleiing skal

- sikre god overgang mellom ungdomsskule og vidaregåande skule
- styrke eleven sine val
- sikre at fleire gjennomfører vidaregåande opplæring og bidra til å redusere feilval, omval og fråfall i opplæringa.

Mål

Vi skal ha eit godt og systematisk samarbeid mellom barnehage og barnetrinn, barnetrinn og ungdomstrinn, ungdomstrinn og vidaregåande opplæring som skal medverke til å lette overgangen mellom dei ulike stega i opplæringsløpet. Overgangane skal vere prega av tryggleik, kontakt og heilskap. I tillegg skal dei byggje på likeverdig partnerskap og kunnskap om kvarandre sine planar og mål. God overgang skal sikrast gjennom dokumentasjon, gjensidig kontakt mellom tilsette og klare rutinar. Det skal vere eit mål å redusere omfanget av fråfall i vidaregåande skule gjennom tidleg innsats.

Mål for arbeidsprosessar

- Skulane har rutinar for samhandling som sikrar overgang frå barnehage til barnetrinnet, frå barnetrinnet til ungdomstrinnet og frå ungdomstrinnet til vidaregåande opplæring.
- Foreldra er informerte om og involverte i overgangsarbeidet.
- SFO vert trekt aktivt med i overgangsarbeidet.
- Ungdomsskulane har utvikla gode ordningar rundt faget utdanningsval og samarbeidar med vidaregåande skule om karriererettleiing.

Resultatoppnåing vert vurdert gjennom

- Elevundersøking
- Brukarkartlegging (foreldre)
- Skulen si årsmelding til kommunestyret
- Strategisk skuleplan 2010 – 2013, skulen si rapportering.

Styrking av skuleeigarrolla og samhandlinga mellom skuleeigar og skuleleiar

Bakgrunn

Både stortingsmelding nr. 31 – Kvalitet i skulen og regionrådet sitt skuleutviklingsprogram ”Sats på skulen – snu Sogn” legg vekt på å styrke skuleeigarrolla og samhandlinga mellom skuleeigar og skuleleiar. Det vert peika på at det vil vere viktig å etablere ein felles kommunal arena for utvikling av skulen. Dette kan utfordre tradisjonelle førestillingar om hierarki og tilhøvet mellom politikk og administrasjon.

Mål

- Skuleeigar engasjerer seg i kvalitet og innhald i skulen.
- Skuleeigar engasjerer seg i å utvikle eit godt fysisk lærings- og arbeidsmiljø inne og ute.
- Skuleeigar stiller krav til skuleleiarane om resultat og støttar skulane i forbetnings- og utviklingsarbeid.
- Skuleeigar si oppfølging av skulane byggjer på eit samspel som er kunnskapsbasert og prega av tillit.

Mål for arbeidsprosessar

- Informasjon som skal gå til skuleeigar, går fram av kommunen sitt årshjul.
- Skuleeigar vedtek mål, strategiar og resultatmål for skulesektoren – i samspel med skuleleiarane.
- Skulane utarbeider eiga årsmelding til kommunestyret.
- Skuleeigar syter for at kommunen har naudsynt kompetanse til å styre opplæringssektoren i tråd med regelverket.
- Skuleeigar sin representant i samarbeidsutvala vert nytta aktivt i samhandlinga mellom skuleeigar og skuleleiar.
- Opplæring er tema på kommunestyremøta etter ein fast plan.
- Skuleeigar vurderer om dialogmøtet kan organisert slik at det vert meir tid til opplæringssektoren.

Resultatoppnåing vert vurdert gjennom

- Skulen si årsmelding til kommunestyret
- Strategisk skuleplan 2010 – 2013, skulen si rapportering.



Andre sentrale utviklingsområde

Strategisk skuleplan inneheld 6 satsingsområde, område som er felles for alle skulane i kommunen. Samstundes er det slik at skulane har ulike utfordringar, ulike område dei er flinke på og område der det er behov for ein ekstra innsats.

Under følgjer nokre slike sentrale utviklingsområde. Lista er ikkje uttømande, men inneheld døme på område som den einskilde skule kan velje å leggje inn i skulen sine planar som lokale satsingsområde, dersom dei har behov for det.

Samarbeid mellom heim og skule

Bakgrunn

Samarbeidet mellom heim og skule er sentralt både for å skape gode læringsvilkår for kvar einskild elev og for eit godt læringsmiljø på skulen.

Mål

Vi skal ha eit godt samarbeid både rundt dei formelle organa i skulen og i den direkte kontakten mellom skule og elev/føresette. Vi vil bevisstgjere føresette på verdien av at dei engasjerar seg i skulen og elevane sin skulekvardag. Samarbeidet mellom heim og skule er prega av respekt og vilje til å skape gode vekstvilkår for elevane si læring og utvikling.

Mål for arbeidsprosessar

- Elev- og foreldresamtalane skal vere utviklingssamtalar der fokus skal liggje på konkrete råd og rettleiing om eleven sin skulesituasjon og læringsløpet framover.
- Foreldremøta skal vere ein arena for dialog mellom skule og heim. Foreldra får på møta god informasjon om skulen sine undervisningsmetodar og den pedagogiske refleksjonen som ligg bak dei vala skulen gjer. På same tida får skulen nyttige innspel og informasjon frå foreldra. Dei skal òg vere basis for å utvikle eit godt sosialt miljø mellom elevar og foreldre.
- Skulen forsøker å utnytte foreldra sin kompetanse innan ulike fagområde der det er naturleg.
- Foreldrerådet og samarbeidsutvalet deltek i skulen si verksemdsplanlegging.
- Det vert lagt til rette for møteplassar mellom dei kommunale foreldreutvala og kommuneadministrativt nivå.

I den daglege verksemda har skule og heim ulikt ansvar og ulike oppgåver. Stortingsmelding nr. 30 – Kultur for læring - avklarar desse rollene slik:

Foreldre/føresette

- har oppdragaransvaret og skal syte for at barna kan oppfylle si plikt til opplæring etter evne og føresetnader
- har ansvaret for dagleg omsorg
- har ansvaret for at barna møter førebudd på skulen - med mat og eigna klede
- skal sjå til at barna gjer leksene sine, men skulen kan ikkje sette som føresetnad at dei føresette har kompetanse til å gje barna fagleg hjelp
- skal halde seg informert om skulesituasjonen til barna sine
- har best kjennskap til sine barn, og bør difor dele denne kunnskapen med skulen for å ivareta eleven sin rett til tilpassa opplæring

- skal vere kjende med skulen sine reglar og bidra til at barna respekterer desse.

Skulen

- har det faglege ansvaret for opplæringa, og lærarane har den faglege og pedagogiske kompetansen
- skal klargjere måla, innhaldet og arbeidsformene i/for opplæringa, og kva for rettar og plikter elevar og føresette har
- skal dokumentere og informere dei føresette om eleven si læring og utvikling
- skal bidra til utvikling av eleven sin sosiale dugleik og skape eit godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring
- skal støtte foreldra i deira oppdragaransvar
- skal leggje til rette for eit godt samarbeid med heimen
- skal lytte til dei føresette og samarbeide med dei om skulen si utvikling
- lærarane skal vere informert om situasjonen til den einskilde elev og jamleg informere føresette om eleven sin skulesituasjon, trivsel og læringsutvikling.

Resultatoppnåing vert vurdert gjennom

- Brukargranskingar mellom foreldra
- Skulen si årsmelding til kommunestyret
- Strategisk skuleplan 2010 – 2013, skulen si rapportering.



Samspelet mellom skulen og lokalsamfunnet

Bakgrunn

Skulen som ein del av samfunnsutviklinga, er ein av tre satsingsområde i regionrådet sitt program for skuleutvikling. Her vert det mellom anna peika på at det er for liten grad av kopling mellom behovet for kompetanse og arbeidskraft i regionen, og det utdanningstilbodet som vert gjeve lokalt. Det er eit aukande medvit om at skule kan vere eit verktøy som kan nyttast for å bidra til å snu denne utviklinga. Målet er at kommunane òg skal sjå skuleutvikling i samanheng med samfunnsutviklinga, og bruke skulen som eit verkemiddel for å styrke næringslivet og utnytte komparative føremoner. Skuleleiarane skal vere tydelege og endringsdyktige leiarar som skal setjast i stand til å nytte utdanningsval og entreprenørskap som eit verktøy for kommunane i samfunnsutviklinga.

Stortingsmelding nr. 30 – Kultur for læring – slår fast at entreprenørskap er eit viktig hjelpemiddel til å fornye opplæringa mellom anna på ungdomstrinnet. Kommunen har lagt til grunn at evna til nyskaping er avgjerande for å oppretthalde levedyktige lokalsamfunn, og at satsinga på skulen er eit viktig distriktpolitisk verkemiddel for næringsutvikling. Entreprenørskap er eit verkemiddel for å oppnå ein meir open og nyskapande skule, og kan bidra til å flytte fokus frå lærar og undervisning til elev og læring.

Mål

- Elevane i grunnskulen har god kunnskap om lokalsamfunnet og lokalt næringsliv. Dei er fortrulege med at val av yrke òg kan vere å skape sin eigen arbeidsplass.
- Elevane utviklar haldingar og dugleik som fremjar kreativitet og nyskaping.

Mål for arbeidsprosessar

- Elevane våre lærer om ressursar i lokalsamfunnet og lokalt arbeidsliv.
- Elevane våre lærer om kommunal styring og forvaltning.
- Skulen vår har tilstrekkeleg partnerskapsavtalar for å sikre at elevar og lærarar får høve til bedriftsbesøk, hospitering og utplassering.
- Skulen vår har kompetanse om entreprenørskap.
- Skulen vår utarbeidar læreplanar der ein set entreprenørskap og utdanningsval på ungdomssteget i ein samanheng.
- Ungdomsskulane våre samarbeidar med dei vidaregåande skulane for å sikre samanhengande overgangar mellom skuleslaga, utveksle kompetanse og leggje til rette for kompetanseheving.
- Skulen vår etablerer eit godt samarbeid med næringslivet, vidaregåande skule og høgskulen.

Resultatoppnåing vert målt gjennom

- Skulen si årsmelding til kommunestyret
- Strategisk skuleplan 2010 – 2013, skulen si rapportering.

Fysisk aktivitet og sunt kosthald

Bakgrunn

Forskningsresultat syner at elevane er mindre fysisk aktive enn det som er fagleg tilrådd, og at aktivitetsnivået for aldersgruppa 9- 15 år går ned. Helsedirektoratet tilrår at barn og unge bør ha minst 60 minutt fysisk aktivitet kvar dag.

Fysisk aktivitet har positive effektar både for fysisk og psykisk helse, for læringsmiljø og læringsutbytte.

Opplæringslova er no endra slik at fysisk aktivitet skal vere ein del av den obligatoriske grunnskuleopplæringa og gå inn som ein del av skulekvardagen. Det er innført 2 timar fysisk aktivitet fordelt på 5.-7. årstrinn, og det er ein føresetnad at aktiviteten skal gå føre seg jamleg over heile året. Timane til fysisk aktivitet inneber ei utviding av skulekvardagen og kjem i tillegg til timane i kroppsøving. Skulane i Sogndal har hatt dagleg fysisk aktivitet varierende frå 30 til 60 minutt i fleire år, og har følgd opp dei nye forskriftene frå og med skuleåret 2009/2010.

Mat og måltid er viktig for den fysiske og psykiske helsa til elevane og for det sosiale velværet, og skal bidra til at elevane vel ein helsefremjande livsstil. Kunnskap om mat og måltid som fremjar gode matvanar, kan gjere sitt til å redusere helseskilnader.

Elevane i ungdomsskulane og alle elevane i 1-10 skular har rett til eit dagleg tilbod om gratis frukt og grønt. Dei andre skulane kan ha ei ordning der elevane/foreldra abonnerar på frukt og grønt eller det vert lagt vekt på at alle har med seg frukt og matpakke, og at det er tilgang til drikkevatn på skulen.

Mål

Alle elevane i grunnskulen er fysisk aktive i løpet av kvar skuledag. Elevane får kunnskap om mat og måltid som fremjar gode matvanar og ein helsefremjande livsstil.

Mål for arbeidsprosessar

- Skulen vår legg til rette for fysisk aktivitet i samsvar med nasjonale retningslinjer og har ein skriftleg plan for dette. Aktiviteten vert organisert slik at elevane vert motiverte og inspirerte til å røre på seg.
- Lærarane ved skulen vår er fysisk aktive saman med elevane.
- Skulane legg til rette for gode matvanar gjennom den ordinære undervisninga og ordningar for gode skulemåltid i samarbeid med foreldra.
- Elevane har tilgang til drikkevatn på skulen.

Resultatoppnåing vert vurdert gjennom

- Skulen si årsmelding til kommunestyret
- Strategisk skuleplan 2010 – 2013, skulen si rapportering.

Kunst og kultur

Bakgrunn

Kunst og kultur har stor eigenverdi og står sentralt i arbeidet med å nå overordna mål i læreplanen for Kunnskapsløftet. I nasjonal strategiplan for kunst og kultur i opplæringa vert det peika på at barn og unge i dag veks opp i eit komplekst og omskiftleg samfunn. For at opplæringa skal kunne gjere barn og unge godt rusta til å møte framtida, må vi byggje på eit breitt kunnskapsomgrep og tilpassa opplæring gjennom varierte undervisningsformer. God tilgang til og høve til å ta del i kunst- og kulturaktivitetar gir barn og unge viktige verktøy for å kunne meistre tilværet.

Skapande verksemd i praktisk/estetiske fag som musikk, kunst og handverk, dans og drama har i tillegg til ein eigenverdi på det kunst- og kulturfaglege området òg ein viktig funksjon for elevane si utvikling og måloppnåing i andre fag og situasjonar. Det å vere nyfiken og kreativ er grunnlaget for all læring og utvikling. Entreprenørskap i utdanninga er eit godt døme der elevane kan arbeide tverrfagleg og nytte sin kreative kompetanse.

I læreplanen er det òg fleire fag som har kompetansemål innan kunst, kultur og estetikk. Òg læreplanen sin generelle del legg stor vekt på kulturell kompetanse jf. kapittelet "Det skapande menneske". Kunst og kultur er og eit godt utgangspunkt for fleirfagleg og tverrfagleg undervisning gjennom temaorganisering.

Kunnskapsløftet stiller store krav til kunnskap og dugleik hos elevane. Samstundes har skulen større handlefridom når det gjeld val av arbeidsmåtar og metodar. Det er ei viktig oppgåve for skulen å leggje til rette for at alle skal nå sine mål gjennom tilpassa opplæring ved å satse på varierte undervisningsformer. Kunst og kultur kan spele ei viktig rolle i ein slik samanheng.

Mål

Gjennom skapande verksemd i praktisk/estiske fag som musikk, kunst og handverk dans og drama skal elevane få ein rikare kvardag med mange ulike stimulansar som bidreg til fagleg utvikling på mange område. Gjennom møte med profesjonelle kulturytingar og eigen aktivitet på området, skal elevane utvikle sosial, kulturell og etisk kompetanse.

Mål for arbeidsprosessar

- Skulen vår nyttar aktivt den kulturelle skulesekken som ein integrert del av opplæringa.
- Skulen vår nyttar kunst, handverk og kultur for å utvikle varierte undervisningsformer og gode pedagogiske verktøy.
- Skulen vår legg til rette for fleirfagleg og tverrfagleg undervisning gjennom temaorganisering.
- Skulen vår samarbeidar med lokale organisasjonar og institusjonar.

Resultatoppnåing vert vurdert gjennom

- Skulen si årsmelding til kommunestyret
- Strategisk skuleplan 2010 – 2013, skulen si rapportering.

Skulen som ein lærande organisasjon

Den lærande organisasjon er ikkje eit nytt omgrep. Men det er relativt nytt som omgrep i skulesamanheng og innanfor det pedagogiske fagfeltet. I Stortingsmelding nr. 30 – Kultur for læring – vert det peika på at utviklinga mot eit meir kunnskapsdrive samfunn påverkar skulen på fleire måtar. Det vert mellom anna stilt auka krav til skulane som lærande organisasjonar. Det betyr mellom anna at skulen må sette søkjelyset på dei tilsette si læring og ikkje berre på elevane si læring. Dette vil igjen seie at det er behov for å løyse opp i tradisjonelle strukturar og arbeidsmåtar i skulen.

Utdanningsdirektoratet peikar på følgjande kjenneteikn ved ein lærande organisasjon:

- Ein velfungerande organisasjon der lærarane føler at dei er ein del av eit fellesskap med motiverande mål. Det er ikkje kultur for at lærarane gjer som dei vil.
- Høgt ambisjonsnivå og høge forventingar til å bruke kompetansen i kollegiet.
- Det er mykje kvardagslæring, god samhandling og lettare å få hjelp av kollegaer.
- Kvardagslæring går ikkje på kostnad av den organiserte læringa. Lærarane deltek meir i alle former for læring, og det vert lagt til rette for kunnskapsdeling.
- Lærarane gir gode vitnesbyrd om leiinga.

Ein lærande organisasjon er orientert mot heilskaplege læringsprosessar, har høg grad av toleranse, er opptekne av det som skjer utanfor skulen, har utvikla ein positiv kultur for læring og eksperimentering, og har kollegialt samarbeid og utstrekt utveksling av idear. (Sølvi Lillejord).

Omgrepet ”kultur for læring” er blitt koplå til behovet for endring i skulen eller sagt på ein annan måte – behovet for skuleutvikling og kvalitetsutvikling. Føremålet med å utvikle skulen til ein lærande organisasjon er å få ein betre skule – ein skule som har fokus på kjerneoppgåva: - å gje ei god og tilpassa opplæring til alle elevane.

Gjennom regionrådet si satsing på skuleleiaropplæring har det vore sett i gang gode prosessar for skuleutvikling på alle skulane i kommunen. Kommunen ønskjer å vidareutvikle dette gjennom mellom anna

- utvikling av tydelege leiarar som er opptekne av og har kunnskap om systematisk utviklingsarbeid og kritisk tenking
- dialog og etablering av felles arenaer for skuleutvikling
- ressursar til pedagogisk utviklingsarbeid
- å skape handlingsrom for utvikling gjennom lokale arbeidstidsavtalar
- syte for at skulane har eit system for skulebasert vurdering.



Internasjonalt arbeid

Skulane deltek i ulike internasjonale prosjekt som Comenius, Sør-Nord samarbeidet, studentutveksling og anna samarbeid med kommunen sine vennskapsbyar i USA og Sør-Afrika.

Målet er

- at elevar og lærarar skal få kjennskap til og kunnskap om andre land si historie, kultur og samfunnsliv
- språktrening for både elevar og lærarar
- fagleg kompetanseheving gjennom til dømes lærarutveksling og utveksling av undervisningsopplegg.

Pedagogisk samarbeid mellom grunnskulen, vidaregåande skule og høgskulen.

Samlokalisering på Fosshaugane Campus legg til rette for eit systematisk, praktisk og pedagogisk samarbeid mellom dei tre skuleslaga. Samarbeidet starta som ein del av kommunen sitt Stigfinnarprogrammet og bør no kunne gå over i eit meir permanent samarbeid om pedagogisk utviklingsarbeid. Samarbeidet vil vere strategisk viktig for å gjennomføre kommunen sin skuleplan.

Mål

Det overordna målet for det pedagogiske samarbeidet er å auke kvaliteten i utdanning gjennom å:

- skape utdanningsløp med samanhengande overgangar mellom skuleslaga og utdanningar som fremjar individuelt tilpassa opplæring
- byggje opp kompetanse- og aktivitetstilgjenge som integrerer utdanning og næringsutvikling/entreprenørskap med høg kvalitet i ein lærande organisasjon
- bidra til å utvikle ei tydeleg leiing med fokus på eigen praksis og vilje til praktisk forbetningsarbeid
- å initiere endringsprosessar som tek utgangspunkt i elevane si læring og deira læringsmiljø
- etablere ein kultur og ein struktur for samarbeid.
(Frå Stigfinnarprogrammet)

Relevante område for samarbeid vil kunne vere å

- utvikle rammer for partnerskapsavtalar og felles årshjul for det 13 årige løpet
- skape eit grunnlag for heilskapleg opplæring gjennom mellom anna kjennskap til skulane sin pedagogiske plattform t.d. gjennom nettverksarbeid
- kople mellom entreprenørskap og utdanningsval
- ha felles bruk av utstyr og lærarressursar
- drive felles pedagogisk utviklingsarbeid.

Samarbeidet må vere forankra på leiarnivå. Det er i dag etablert ein fast møtestruktur på leiarnivå mellom kommunen, høgskulen, vidaregåande skule og folkehøgskulen, der målet er å styrkje Sogndal som skulestad. Eit meir omfattande pedagogisk samarbeid må forankrast i denne gruppa. Det er eit mål at skulane i Sogndal skal vere praksisskular.

Elevane sitt skulemiljø

Opplæringslova slår fast at alle elevar i grunnskulen har rett til eit godt fysisk og psyko-sosialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. Skulane må gjennomføre dei tiltaka som er naudsynte for å innfri krava i lova.

Skulemiljøet har mykje å seie for trivsel og læringsresultata til elevane. Dersom elevane opplever tilhøve som bør betrast ved skulemiljøet, er det viktig at dei seier ifrå om dette. Opplæringslova seiar òg kva rettar elevane og foreldra har til å ta opp spørsmål knytt til skulemiljøet.

Det vert gjort mykje godt arbeid i skulane for å førebyggje rus, mobbing, vald, rasisme og kriminalitet. Skulane har vald ulike metodar. Nyttige formelle samarbeidspartar i dette arbeidet er kriminalitetsførebyggjande arbeid gjennom politirådet, administrativ oppvekstgruppe, helsestasjonen, barnevern, folkehelsearbeidet, MOT og det førebyggjande arbeidet gjennom ungdomsbasen.

Alle skulane

- har eit program for haldningsskapande arbeid og førebyggjande arbeid mot mobbing
- syter for at elevar og foreldre får informasjon om deira rettar i høve skulemiljøet
- syter for at slik informasjon er tilgjengeleg på skulane si nettside
- informerer samarbeidsutval, foreldreutval og elevrådet om hendingar, planar og vedtak som er viktige for skulemiljøet
- handsamar eventuelle krav om tiltak frå elevar eller føresette etter reglane i forvaltningslova om enkeltvedtak.

Desse punkta er òg ein del av kommunen sitt kvalitetssystem.



Sogndal kommune sitt kvalitetssystem

Bakgrunn

Det er presisert i opplæringslova §13-10 at skuleeigar skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i lovverket og forskriftene vert oppfylt. Skuleeigar skal òg ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatane av eigne vurderingar og nasjonale kvalitetsvurderingar (forskrift til opplæringslova §2-1 og 2-2). Eit forsvarleg system føreset ei jamleg resultatoppfølging og vurdering om skulen følgjer lovverket. Det vil seie at kommunen må ha eit system for innhenting og analyse av data.

Kvalitet

Kvalitet handlar om å møte behov og innfri forventningar til

- brukarane – først og fremst elevane, men òg dei føresette og arbeidslivet
- profesjonane – lærarar, skuleleiarar og andre tilsette i skulen
- oppdragsgjevarane – dei statlege styresmaktene og skuleeigarane

Vi kan definere kvalitet slik: Rett kvalitet vil seie at resultatet er likt eller høgare enn forventingane.

Det vil seie at arbeidet for å oppnå riktig kvalitet har to dimensjonar: Å syte for at forventingane til skulen er realistiske, og å betre kvaliteten. Justering av forventingar og betring av resultat skjer best gjennom ein tilrettelagt dialog og samspel mellom elevar/føresette, tilsette i skulen og skuleeigar.

Kommunen sitt kvalitetssystem

Kommunen har etablert eit ikt basert styringssystem som hjelpemiddel for å sikre og utvikle kvaliteten på tenesteproduksjonen og forvaltninga i kommunen. Dette omfattar oversyn over alle relevante dokument, avvikshandtering, risikovurdering og internkontroll.

Oversyn over dei ulike elementa i det kommunale kvalitetssystem for skule

Tiltak/aktørar	Skulenivå	Administrativt nivå	Politisk nivå
Dokument <ul style="list-style-type: none">• lover• handbøker• tenesteomtalar• prosedyrar• planar	X	X	X
Resultatmål i økonomiplan <ul style="list-style-type: none">• økonomi• brukar• tilsette• utvikling	X	X	X
Kartleggingar <ul style="list-style-type: none">• nasjonale prøver• elevinspektørane• eksamensresultat• ståstadanalyse• foreldregranskingar• eigne kartleggingar	X		

Rapportering <ul style="list-style-type: none"> • Skulen si årsmelding • Politiske vedtekne resultatmål/kommunen si årsmelding • Strategisk skuleplan - måloppnåing 	X	X	X
Oppfølging – tiltak i høve til forbetring	X	X	
Dialogmøtet	X		X

Gjennomføring og oppfølging av planen

Framdrift

Tiltaka skal gjennomførast innanfor planperioden, og dei ulike tiltaka vert innarbeidd i skulane sine årlege verksemdsplanar – med det atterhaldet som er teke i punktet under om økonomi.

Rutinar eller system for oppfølging av planen

Nokre av tiltaka/satsingsområda vil vere relevante som resultatmål vedtekne i økonomiplanen, andre vil vere ein del av skulane sine eigne utviklingsplanar/ordinære drift. Kva som vert prioritert kvart år, skal gå fram av økonomiplanen med rapportering i skulen si årsmelding til kommunestyret og kommunen si årsmelding.

Forsøks-, prosjekt- og utviklingsarbeid

- Skulane sine utviklingsprosjekt som del av skuleleiaropplæringa.
- System for kvalitetsutvikling i skulen med mellom anna rutinar for melding om avvik, risikoanalyse og internkontroll.
- Utgreiing om etablering av pedagogisk utviklingssenter/PPT.
- Deltaking i KS sitt utviklingsprosjekt ”Flink med folk i første rekke” med fokus på leiarkompetanse innan tverrfagleg samarbeid. Målet med prosjektet er betre brukaropplevd kvalitet på tenestene.
- Utarbeide ein plan/strategi for SFO medrekna gratis leksehjelp.
- Revisjon av Kommunal strategi for innhald og oppgåver i barnehagen.

Kompetansebehov

I følgje departementet er kompetansen til lærarane den enkeltfaktoren som har mest å seie for elevane si læring, dersom ein ser bort frå den sosiale bakgrunnen til elevane. Lærarane må ha både god fagleg og pedagogisk kompetanse.

I nasjonal strategi for vidareutdanning 2009 – 2012 er norsk, matematikk og engelsk på ungdomstrinnet, leseopplæring på barnetrinnet og andre fag ut frå nasjonale og lokale behov prioritert. For same periode skal det utviklast etterutdanningstilbod innanfor 5 prioriterte område: leseopplæring, rekneopplæring, rådgjeving, elevvurdering og bruk av ikt i faga.

Forskrift til opplæringslova vart endra med verknad får 01.08.08, slik at ved nyttilsetjing for undervisning i faga norsk, matematikk og engelsk på ungdomstrinnet, må vedkomande ha minst 60 studiepoeng relevant utdanning for tilsetjingsfaget. Det har vore gjennomført kartlegging av lærarane sin formelle kompetanse i kommunen, og kvar skule melder inn sine

behov for kompetanseheving. Skulane sine planar dannar, saman med skuleeigar si sjølvstendige vurdering, grunnlag for kommunen sin søknad om statlege midlar til vidare- og etterutdanning. Kartlegginga syner at vi har eit høgt utdanningsnivå på dei tilsette ved skulane i Sogndal.

Oversyn over skulane sine kompetansebehov (kartlagt våren 2009).

Sogndal ungdomsskule	Matematikk, kunst og handverk
Trudvang skule	Matematikk, norsk
Kaupanger skule	Naturfag, norsk, engelsk
Norane skule	Matematikk, kunst/handverk, ikt, mat/helse, religion/livssyn/etikk
Fjærland skule	Engelsk, kroppsøving, naturfag, norsk, matematikk

Skuleåret 2009/10 gjennomfører 4 lærarar vidareutdanning i matematikk og 2 lærarar vidareutdanning i kunst/handverk (ungdomsskulen).

I regionrådet sitt skuleutviklingsprogram "Sats på skulen – snu Sogn" er det utarbeidd ein felles strategi og modell for arbeid i faglege nettverk. Dette er det siste av dei tre satsingsområda i prosjektet og skal leggje til rette for etterutdanning av lærarane. Kommunen prioriterer deltaking i fagnettverka i samband med etterutdanning. I tillegg vil kommunen prioritere vidareutdanning innanfor dei områda der skulane manglar naudsynt kompetanse.

Gjennom regionrådet sitt skuleutviklingsprogram har òg alle rektorane og inspektørane gjennomført skuleleiaropplæring. Skuleleiaropplæring har no vorte eit nasjonalt prioritert område.

Skulane sine kompetansebehov vil vere grunnlaget for dei årlege søknadene om statsmidlar til vidare- og etterutdanning. Skulane sine behov byggjer på kompetansesamansetjing mellom lærarane og eventuelle andre behov avdekka gjennom nasjonale prøver og tilsyn.

Plan for kompetanseutvikling vil verte oppdatert kvart år.

Økonomiske konsekvensar

Dei fleste tiltaka vil kunne gjennomførast innanfor eksisterande budsjett og ekstern finansiering. Moglege behov for auka løyvingar vert vurdert i samband med økonomiplanen kvart år. Gjennomføring av strategisk skuleplan vil vere avhengig av budsjettrammene skulane har til ei kvar tid.

Evaluering og revisjon av planen

Skulane rapporterer årleg status for gjennomføring av planen som ein del av skulen si årsmelding og kommunen si årsmelding. Planen vert revidert i 2013.



Vedlegg

1. Fjærland skule
2. Norane skule
3. Trudvang skule
4. Kaupanger skule
5. Sogndal ungdomsskule

Litteraturliste

Opplæringslova

- Sogndal kommune – Kommuneplanen 2005 – 2015 - Mål og strategiar
Kommunal strategi for innhald og oppgåver i barnehagen 2007 – 2010
Sogndal kommune – Temaplan for entreprenørskap i skulen 2004 – 2008
Sogn regionråd sitt skuleutviklingsprogram 2006 – 2012 - Sats på skulen – snu Sogn
St.meld. nr. 30 (2003 – 2004) – Kultur for læring
St.meld. nr. 16 (2006 – 2007 – Tidleg innsats for livslang læring
St.meld. nr. 31 – (2007 – 2008) Kvalitet i skulen
St.meld. nr. 44 (2008 – 2009) – Utdanningslinja
Kunnskapsdepartementet m.fl. – Strategi for entreprenørskap i utdanninga 2004 – 2008
Kunnskapsdepartementet m.fl. – Entreprenørskap i utdanninga 2009 – 2014
Kunnskapsdepartementet – Kompetanse for kvalitet – Strategi for vidareutdanning av lærarar
Kunnskapsdepartementet – Skapande læring – Strategiplan for kunst og kultur i opplæringa
Utdanningsdirektoratet – Læreplanverket for Kunnskapsløftet – Prinsipp for opplæringa
KS – Utdanningspolitisk plattform
KS – Saman om ein betre skule – Kvalitetsforbetring gjennom dialog
Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2008 – 2011
Sølvi Lillejord – Ledelse i en lærende skole (2003)
Utdanningsdirektoratet – Artikkelserie om ein lærende skule (2009)
KS Sogn og Fjordane m.fl. – ”Tilpassa opplæring for alle” - prosjektrapport okt. 2009.



Fjærland skule

Skulen ligg i brebygda Fjærland i Sogndal kommune.

Skulen er ein del av Fjærland oppvekstseter er delt i skule og barnehage, organisert som ei tenesteeining med felles administrasjon.

I skulen er det 30 elevar, medan det er 18 ungar i barnehagen.

Skulen og barnehagen ligg fint til attmed fjorden, litt i utkanten av Mundal. Skulebygget er det eldste, frå 1952, men har vorte modernisert noko opp gjennom åra. På 70-talet vart det oppført gymnastikkbygg med tilhøyrande symjebasseng, medan ny barnehage stod ferdig i 1996. Elles har vi både idrettsbane og lysløype som næraste nabo.

Du finn meir informasjon på skulen si nettside www.fjerland.skule.no



Norane skule

Norane skule er ein 1-7 skule. Skuleåret 09/10 har vi 50 elevar og 7 lærarar. Skulen er 3-delt, der 1-2 klasse, 3-4 kasse og 5-6-7 klasse utgjer undervisningsgruppene.

Skulen ligg i naturflotte omgjevnader på Ylvisåkerneset, midt mellom Sogndal og Leikanger.

Skulen er ein del av Norane oppvekstsenter, som òg inneheld Ylvisåker barnehage.



Du finn meir informasjon på skulen si nettside www.norane.skule.no



Trudvang skule



Trudvang skule er ein 1-7 skule med 3 parallellar og omlag 440 elevar. Rundt 50 vaksne arbeider på skulen og i skulefritidsordninga, av desse finn vi lærarar, spesialpedagogar, miljøterapeutar og assistentar. Skulen ligg sentralt i kommunesenteret Sogndal.

Trudvang består av fleire bygg av ulik alder. I det eldste, murbygget, held 5.årssteget til. I tillegg har kulturskulen tilhald i 2.etasje her. Hovudbygget er

dei andre årsstega sin base, medan paviljongen husar alternativ læringsarena. SFO har tre basar i hovudbygget. 7.klasse går på Kvåle skule og har nettside hjå Sogndal ungdomsskule.

Administrasjonen og arbeidsrom for lærarane er plassert i hovudbygget. Trudvang skule er del av tenesteeininga skulane i sentrum.

Du finn meir informasjon på skulen si nettside www.trudvang.skule.no



Kaupanger skule

Kaupanger skule er ein 1 - 10-skule med omlag 216 elevar. I alt 35 vaksne arbeider på skulen og i skulefritidsordninga, av desse 26 pedagogar.

Skulen ligg i Kaupanger, ei bygd med omlag 1700 innbyggjarar, omlag ei mil frå [Sogndal](#), som er kommunesenteret.

Kaupanger skule, "skulen i skogen" ligg fint til i furuskogen på Kaupanger. Skulen er bygd i fleire trinn: Vi har "Gamleskulen" med gymnastikkbygget, hovudbygningen som inneheld kontor, lærarrom, arbeidsrom for lærarane, bibliotek, formingsavdeling, skulekjøken og klasserom. I tillegg har vi ein klasseromsbygning som også inneheld naturfagrom og musikkrom.

Skogen rundt skulen pregar uteaktivitetane til elevane; mellom anna er hyttebygging i trea ein populær aktivitet. Naturen, inkludert Kaupangerelva, vert også brukt aktivt som læringsarena på alle klassesteg. Skulen har lagt til rette for friluftsliv/fysisk fostring gjennom kjøp av utstyr: kanoar, lavvoar, stormkjøken, telt, kart m.m.

Du finn meir informasjon på skulen si nettside www.kaupanger.skule.no



Sogndal ungdomsskule



Sogndal ungdomsskule er ein 8-10 skule med 3 parallellar og 227 elevar + 7. årstrinn ved Trudvang skule med 66 elevar.

Skulen har 35 tilsette, der 33 er pedagogar. Skulen ligg på Fosshaugane i Sogndal sentrum i nær avstand til høgskulen, Sogndal vidaregåande skule og idrettssenteret. Rundt skulen ligg det eit godt utbygd idrettsanlegg for mange aktivitetar.

Du finn meir informasjon på skulen si nettside www.sogndal.ungdomsskule.no

